



Teknisk forvaltning

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/1872 - 15/11913

Saksbehandlar:

Toril Marie Mulen

toril.mulen@radoy.kommune.no

Dato:

16.10.2015

## Landbrukssak Gbnr 99/9 Ystebø - mobilbasestasjon - dispensasjon frå arealføremål LNF - uttale

Vi viser til motteke sak som gjeld søknad om dispensasjon frå arealføremål LNF dagsett 05.10.2015. Omsøkt tiltak er mobilmast, 30 meter høg, og utstyrshytte 8 kvm. Arealklassifiseringa der tiltaket er omsøkt plassert i terrenget er «skog, høg bonitet».

Tiltaket som er omsøkt er ikkje i tråd med LNF-føremålet.

I saka lyt vurderast om det er naudsynt med handsaming etter jordlova som gjeld bruken av dyrka og dyrkbar mark, jordlova § 9.

Arealet der tiltaket er omsøkt er arealklassifisert som «skog, høg bonitet». Dyrkbar jord kan være registrert på arealtype overflatedyrka jord, innmarksbeite, skog, open fastmark og myr i AR5. Det lyt være pløyedjupne på arealet for at ein kan definere arealet som dyrkbar. I tillegg skal det ha potensiale til årssikker avling. Kommunal landbruksforvaltning finn at arealet der tiltaket er omsøkt ikkje er definert som dyrkbar. Ergo skal ein ikkje handsame saka etter jordlova § 9 som gjeld bruken av dyrka og dyrkbar mark.

Kommunal landbruksforvaltning finn at ein stiller seg positiv til tiltaket sjølv om det ikkje er i tråd med arealformålet LNF. Begrunninga for at ein stiller seg positiv er at tiltaket er i tråd med samfunnsgagnet tiltaket vil gje. Det framkjem av val av stad for mobilmasta at ein har søkt å finne ein stad som er eigna for formålet, samstundes som ein har søkt å finne ein stad med minst mogleg sjenanse for tredjepart. Det er påreknleg med ulemper for dei som skal ha yrket sitt i landbruket og drive med skogsdrift. Men, kommunal landbruksforvaltning finn at det er overvekt av føremuner med tiltaket enn ulemper, og difor stiller landbruksforvaltninga seg positiv til tiltaket.

Med helsing

Toril Marie Mulen  
leiar Felles landbrukskontor

---

**Post**

postmottak@radoy.kommune.no  
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

**Kontakt**

Telefon +47 56 34 90 00  
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no  
Konto 3636 07 00776  
Org.nr. 954 748 634

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Teknisk forvaltning